

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato: 30.08.2005
Sakbehandlar: **Odd Søreide**
Saka gjeld: **NEVROKIRURGI I HELSE VEST**

Styresak 80/05 B

Styremøte 06.09. 2005

Bakgrunn

Nevrokirurgi er definert som høgspesialisert medisin og har vore etablert som regionfunksjon ved Haukeland Sjukehus, nå Helse Bergen. Det er seinare bygd opp eit meir avgrensa tilbod i nevrokirurgi ved Sentralsjukehuset i Rogaland, nå Stavanger Universitetssjukhus.

Det blei i 2002 gitt uttrykk for bekymring for splitting av denne høgspesialiserte funksjonen. Helse Vest RHF har ved 2 høve utført grundige vurderingar av faglege og økonomiske forhold, m.a. ved hjelp av utanforståande medisinsk fagleg kompetanse.

Styret i Helse Vest RHF har handsama saka i styresak 30/02, 64/02 og 28/05. I styresak 28/05 har styret trekt opp prinsippa for funksjonsfordeling mellom dei to føretaka, og har pålagt dei 2 avdelingane og føretaka å utarbeide ein samarbeidsavtale om det nevrokiurgiske tilbodet i regionen. Arbeidet med avtalen har vore leia av Helse Vest RHF og er forankra i den administrative leiinga ved dei to føretaka.

Det ligg nå føre ein avtale (vedlagt) utforma av fagmiljøa ved dei to føretaka som er støtta av den administrative leiinga.

Kommentarar

Helse Vest støttar og avtalen og vil vise til at dette er ein nyskapning. Avtalen bygger på eit nært og godt fagleg samarbeid, eit felles ansvar for fagleg utvikling og kvalitetssikring og utveksling av personell og kompetanse.

Forslag til vedtak

Styret tek avtalen til etterretning

Vedlegg:

- Samarbeidsavtale mellom Helse Bergen HF og Helse Stavanger HF om nevrokirurgi, er lagt ved sak 72/05 AD si orientering punkt 8.